



KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

25. Årg.

November 1971

Nr. 8

Bibelens lovsanger

Gleden i Herren skal være vår styrke, sier Gud i sitt ord. Lovsang har en egen evne å styrke hjertet og løfte sjelens evige vinger. Guds navn er det eneste som er verd tilbedelse. Alle andre navn er mer eller mindre smittet av synd.

De fleste av bibelens lovsanger er skrevet av David. Disse blev flittig sunget i synagogen, men mest sang de under festreisene til høitidene i Jerusalem. Det var høidepunktet i deres liv både religiøst og nasjonalt. I de mange år i utlendighet hilste de hverandre med håpet: «Neste år i Jerusalem.»

Nogen av lovsangene er mer personlig preget, sprunget ut fra enkeltmenneskets opplevelse med Gud. Hanna sin lovsang i 1. Samuelsbok var frukt av Guds svar på hennes hjertebønn om å få barn. Barnet hun fikk var Samuel som blev gitt til Herren

fra mors liv. Han var et profetisk lys i en mørk tid. Hannas bønn fikk vidtrekkende følger — langt over det hun tenkte.

Så har vi Marias herlige lovsang i Luk. 1. Det var hennes svar på kallsoppgaven å bli Jesu mor. Det fikk et enda større nedslagsfelt som sprengte alle grenser.

Et menneskes møte med Gud gir alltid sitt utslag: Guds storhet — egen uverdighet. Vi finner det igjen og igjen i all ekte tilbedelse. Hør bare disse toner fra Hanna: «Ingen er hellig som Herren. Han reiser den ringe av støvet.» Maria sier det slik: «Min ånd fryder sig i Gud, min frelser, han som har sett til sin tjenerindes ringhet.» Guds barn til alle tider og under alle himmelstrøk kjenner sig igjen her og blander sin røst i lovsangskoret.

Johanne B. Helle.

Prostimøtet på Vaksdal

Laurdag og søndag 2. og 3. oktober hadde Osterøy prosti sitt årlege møte og denne gongen på Vaksdal. For Dale sokneråd skreiv formannen Per Aasland eit utføreleg referat frå møtet. Me prentar her noko av referatet. Av plassomsyn lyt me. Diverre gjera det slik.

— Første møtedag var satt til kl. 16.30 i Vaksdal bedehus, som er et rommelig og pent lokale med varme farver, god akustikk, og som for anledningen var pyntet med vakre høstblomster. Vi blev hilst velkommen av formannen i Vaksdal sokneråd O. Faugstad, som gav uttrykk for sin glede over at så mange var møtt frem, og han håpet at disse to dager vilde bli givende for oss alle.

Vi blev så invitert på kaffe og kaker. Derefter holdt sokneprest Skiftun andakt. Han tok sitt utgangspunkt i Davids salme 95: Kom, lat oss bøye kne for Herrens, vår skapers åsyn.

Prost Søvde holdt åpingstalen. Han kom inn på de viktigste saker som var behandlet på forige prostimøte i Åsane og de emner som var satt opp for møtet på Vaksdal. Ved opprop av representanter fra soknerådene i prostiet viste det sig at prostiet var representert med 34 representanter. Dessuten møtte en del som ikke var medlemmer av soknerådene. Prostirådet sitt rekneskap balanserte med en kassesum på kr. 99,04, og med en inntekt på kr. 823,64 og utgift på kr. 724,60.

Efter årsmøtet holdt lærer Her-

bjørn Solberg og ungdomsskolelærer Oddvar Herfindal hver sitt foredrag over emnet: «Døyp dei og lær dei.» Efterpå blev det en livlig samtale om kristendomsfaget i skolen og forplikelsen ved dåpen.

Under møtet blev det satt frem ønske om at alle soknerådsmedlemmene var til stede på prostimøtene. Flere sokner i Vaksdal var desverre ikkje representerte. Bruvik og Hamre hadde heller ikke representanter.

Søndag var det høimesse i Vaksdal vakre kirke ved bispedømmeprest Ingvar Fykse, og på ettermiddagsmøtet i Vaksdal bedehus holdt akademilektor Leif Michelsen bibelforedrag over emnet: «Det som er skrive.» Rom. 15.5.

Vi skylder de som stod for arrangementet i Vaksdal stor takk for alt strev og arbeid med prostimøtet. Til slutt vil jeg bare gi uttrykk for at det er en stor og rik opplevelse å få delta i prostimøtene.

Gudstenestene

Me gjer merksam på at prestane set opp preikelista for heile året. Ein kan såleis venda seg til dei med spørsmål om gudstenester på lang sikt. I kyrkjebladet prentar me preikelista på kortare tid av di det elles truleg ville koma nokre brigde.

KYRKJELYDSBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar Gudmund Skiftun. Dalekvam. Faste medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magna Hesjedal. Kasserar Ragnar Trohjell, 5297 Gammervik. Postgiro nr. 7 23 47. Bankgiro nr. 103385/123. Ekspd: Skaars Boktrykkeri tlf. 8 Norheimsund

Eit brev til foreldre

Kjære Foreldre,

Dei skulle nett setja seg til bordet og eta, då det kom ein liten gut frå nabogarden inn. Han vart ståande ved døra. Dei las bordbøn der i heimen. Guten vart ståande — undren. So kom det: «Slik gjer ikkje me heime hjå oss». — Kjære Foreldre, kunne dette vore dykkar gut?

Hugsar de då det første barnet dykkar vart døypt? Det var ein høgtidsdag av dei store. De var glade fordi de hadde fått barnet, og de ville gjera det aller beste for barnet. Difor kom dei og til kyrkja med det for at det skulle bli døypt. Framme i kyrkja stod de, og fekk spørsmålet: «Vil de at dette barnet skal verta døypt og oppdragast i den Kristne forsaking og tru?» De svara «Ja» på det spørsmålet. Og so vart barnet dykkar døypt til å høye Jesus Kristus til. Barnet dykkar vart signa med det heilage korsmerket på panna og bringa til vitnemål om at det skulle tru på den krossfeste Jesus Kristus. Det var so greidt med det første, de ville at barnet skulle bli døypt, og barnet vart døypt. Men det andre? — «å oppdragast i den kristne forsaking og tru», — korleis er det gått med det? De svara «ja» på det og. Det var ein lovnad som skulle inn-

friast gjennom heile tida, alle år de fekk ha barnet i heimen dykkar.

So lenge borna er små, er det so lett å læra dei både å be bordbøn og kveldsbøn. Det vert mykje vanskelegare når dei er blitt større. Difor, når de seier godnatt til dei små, so lær dei å folla hendene og be at Jesus vil vara dei for natti. Då sovna dei so trygt.

Kan henda er de millom dei som har konfirmant i år? Om so er, er barnet dykkar kome til ei av dei mest kritiske og avgjerande stunder i deira hittil so unge liv. Barnet dykkar står no framfor noko nytt. Det skal ut i ein ny sektor i livet. De får etter kvart mindre å seia for det. Det må velja sjølv. Framfor konfirmanten dykkar ligg eit med mange färar og freistingar som dreg på han eller henne. Men ikkje berre färar og freistingar! Der er og lyse voner og høge mål som vinjar på barnet dykka, som no held på å verta voksen. Korleis skal det gå? De ynskjer so inderleg at det må gå vel.

Det prest og kyrkja ynskjer med konfirmant-førebuininga og konfirmasjonen, er å prøva å hjelpe barnet dykkar, konfirmanten dykkar, til å forstå livet betre, og til å hjelpe han eller henne å velja rett i dei mange val som no ligg og ventar på dei, på den vegen dei no skal fara vidare i livet. Når dei no snart reiser or heimen, vil det de fekk gje dei i heimen dykkar, avspeglar seg i heile deira liv ute. Ja, endå inn i den heimen dei gjerne sjølve ein gong skal byggja.

Må Gud signa dykk i oppgåvene de har — som foreldre.

*Helsing
Lars Bjørsvik*

Ei helsing til dei unge

På konfirmantfesten i losje «Senapskorn» i Grøsvik no i haust les Anders Toskedal ein sjølvlagt prolog med helsing til konfirmant og ungdom. Prolog av Anders Toskedal har

*Me kveikjer med glede kvite ljos i kveld.
Vel møtt til fest konfirmant, foreldre slekt
og vene, for barnet som no er i fager blomst.
So høyr i festens time det ynsket som me har:
at det alltid må gå deg bra.
Den rustning som me gjev deg er ein skatt so god å ha.
Det du lærde desse åri i heimens trygge bu,
skal du minnast der du ferdast, det gjev styrke, kan du tru.
Du må vera sann mot alle, vera ørleg mot deg sjølv.
Hald din ungdom høg og heilag og svik aldri dine ord.
Kvar et menneske du møter er ei syster, er ein bror.
Du har ingen ting å ottast, gå på trygg og sikker fot.
Bak di meining som du hevdar, skal du ha ditt hjartas mot.
Det er godt å få ei gava, betre er å gi. Berre den som
gjev med gleda kan stå høgreist, frank og fri.*

Tankar og opplevingar

Etter kvart som tidi går, og me får meir kjennskap både til livet omkring oss sjølve, kjem det mange ting fram, som me ikkje stogga opp for før. Når det galdt å finna fram til fred med Gud, gjekk me i myrke dalar, før ljuset frå Gud fekk skina inn i sjeli. Ein kan no mange gonger sjå kor Jesus stod med sorstyngd andlet, av di han ikkje fekk koma til å hjelpe.

Me kom ikkje i hug då, at Jesus seier, me skal koma til han me som hevtungt å bera. Hjå han skal me få kvila oss ut. Gud vere takk, han gav oss ikkje opp.

Det står noko i Bibelen at me ber skatten i leirkar. Eg kjem i hug kva

det som oftast vore på slike festar i Grøsvik.

Me prentar her nokre vers av prologen:

*Me kveikjer med glede kvite ljos i kveld.
Vel møtt til fest konfirmant, foreldre slekt
og vene, for barnet som no er i fager blomst.
So høyr i festens time det ynsket som me har:
at det alltid må gå deg bra.
Den rustning som me gjev deg er ein skatt so god å ha.
Det du lærde desse åri i heimens trygge bu,
skal du minnast der du ferdast, det gjev styrke, kan du tru.
Du må vera sann mot alle, vera ørleg mot deg sjølv.
Hald din ungdom høg og heilag og svik aldri dine ord.
Kvar et menneske du møter er ei syster, er ein bror.
Du har ingen ting å ottast, gå på trygg og sikker fot.
Bak di meining som du hevdar, skal du ha ditt hjartas mot.
Det er godt å få ei gava, betre er å gi. Berre den som
gjev med gleda kan stå høgreist, frank og fri.*

ein emissær sa då han nemnde dette ordet: «Eg trur me ber skatten i ei kipa». Han meinte visseleg at me er snare til å gløyma. Kor det er, så tykker eg at me treng jamt påfylling.

Eg vil nemna ein gong eg tykte det var så myrkt for meg. Det var endå i kyrkja, og det skulde vera nattverd. Eg tykte ikkje det var rett av meg, men eg gjekk likevel saman med dei andre. Då me kom opp til altarringen, spela organisten tonen til songen: Høgt frå den himmelske klåra, Faderens auka kan sjå både din smil og di tåre, hjarta kyi ottast du då?» Eg finn ikkje ord for det, men eg veit for visst at songen var send meg frå Gud.

Nils Øyo.



Prestegjeldsregulering i Osterøy og biskop Juvkam

Frå kontorsjef Rundhovde i Osterøy kommune har me fått dette innlegget:

Eg har med stor undring lese biskop Juvkam sitt innlegg i Kyrkjeblad for Vaksdal nr. 7 om prestegjeldsregulering i Osterøy, og som ein av dei få personar som har førstehandskjennskap til det som har gått for seg i denne høgst merkelege saki kan eg ikkje med godt samvit teia, då eg ikkje finn at biskopen sin uttale er i samsvar med sanningi.

Biskopen seier det ikkje er rett det som står i Kyrkjebladet nr. 6 at det er biskopen som har fått igjennom at Osterøy skal vera to prestegjeld. Dei som kjenner til saki veit at det nett-opp var biskopen som hindra at det vart eitt prestegjeld i Osterøy kommune slik Kyrkjedepartementet først hadde avgjort. Heilt i samsvar med Osterøy heradsstyre sitt vedtak skreiv Kyrkjedepartementet i brev av 25. september 1965 til Bjørgvin Stiftsdireksjon at departementet gjekk inn for eitt prestegjeld i Osterøy kommune, og departementet bad om fråsegn om kvar prestane i Osterøy prestegjeld skulle bu. Stiftsdireksjonen sende saki vidare til kommunen med brev av 28. september 1965 underteikna av fylkesmann Mons Lid, og bad om at saki vart fremja slik Kyrkjedepartementet hadde bede om. Litt seinare kom det ordre frå biskop Juvkam om at kommunen ikkje skulle ta omsyn til Kyrkjedepartementet si avgjerd om eitt prestegjeld, og at saki skulle stellast i ro inntil vidare. Had-

de ikkje biskopen gjeve denne ordre i strid med Kyrkjedepartementet si avgjerd, ville det i dag ha vore eitt prestegjeld i Osetrøy kommune. Eg kan soleis stadfesta at Kyrkjeblad for Vaksdal har full dekning for sin uttale i saki.

(25/10 1971.)

Eivind Karl Rundhovde.



Konfirmantlesinga

Konfirmantlesinga tek til i ungdomsskulen, mandag, 22. november og held fram til konfirmasjonane, som kjem i april og mai neste år. Konfirmantimane vert også i år klassevis slik at ein ikkje får konfirmantflokkane for kvar kyrkje samla for seg. Nokre samvær mot slutten vert det likevel i dei kyrkjene som får konfirmasjon. Med stor velvilje av ungdomsskulen og etter vedtak av skulestyret får prestane ha sine timer i skuletida. Arbeidspresset i ungdomsskulen er så hardt at det ikkje er tilrådeleg med konfirmantlesing om ettermiddagen i kyrkjene.

Kyrkjelydsfest på Vaksdal

Vaksdal sokneråd skipa også i år til fest i Vaksdal bedehus, søndag den 7. november. Trass i dårleg ver, var huset stappfullt. Tidlegare sokneprest i Bruvik, Anton Strøm-Nilsen heldt festtalen.



Kyrkjebladet

På ny lyst me be bladet sine trufaste vene om å ta ein runde og samla inn bladpengar for 1971. For tida er det litt smått med økonomien. Kasserar Ragnar Trohjell er snart pengelens i kassa. Han sender helsing likevel til bladstyraren med Josva 1,9: «Ver fri-modig og sterk.» Han har teke imot desse bladpengane:

Gåve frå ei dame på Dale kr. 30,—	
Ved Nils Myster	» 35,—
Ved O. Faugstad	» 320,—
Direkte frå tingalar	» 50,—

Kr. 435,—

Trykking og sending av kvart nummer av kyrkjebladet kjem på rundt rekna kr. 550,—.

Dale mannskor 40 år

Dale mannskor har runda sine 40 år og har i det høvet halde jubileums-konsertar på Dale og på Vaksdal. Me takkar Dale Mannskor for gild kyrkje-song. Ved dei mange høve har koret stilt seg til teneste for kyrkja, og me vonar dei framleis vil gjera det. Organist Lars Ragnvaldsen er ein fin og gjennommusikalsk dirigent.

Vitjing hjå sjuke og gamle

På Dale er det skipa eit lag som særleg skal ha som oppgåve å sjå innom til sjuke og gamle. Det er ein fin og god gjerning som alle set pris på. Medlemene i laget førebur seg også på gjerningen gjennom eit studiekurs.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE:

DALE:

Rune Erntsen, fødd 6. juli 1971, døypt 2. oktober.

Preben Sellevold, fødd 14. juni 1971, døypt 9. oktober.

Dennis Pedersen, fødd 14. september 1971, døypt 6. november.

STAMNES:

John Helland, fødd 4. september 1971, døypt 10. oktober.

Terje Kristiansen, fødd 29. juni 1971 døypt i Eidsland 17. oktober.

Ketil Eikefet, fødd 9. august 1971, døypt i Eidsland 17. oktober.

Trygve Brørvik, fødd 9. juli 1971, døypt 19. september.

Mona Hårvik, fødd 18. juli 1971, døypt 10. oktober.

Christine Leikvoll, fødd 14. august 1971, døypt 10. oktober.

Lillian Pedersen, fødd 26. juli 1971, døypt 10. oktober.

Monica Balestrand, fødd 12. august 1971, døypt 23. oktober.

Rolf Sveinung Grøsvik, fødd 4. september 1971, døypt 7. november.

VIGDE:

STAMNES:

Halstein Leiren og Anne Lise Vinde-nes, vigde i Bergen 18. september 1971.

VAKSDAL:

Arvid Samuelson og Nora Sandvik, vigde i Lavik 18. september 1971.

AVLIDNE:

DALE:

Hans Langhelle, fødd 25. september 1902, døydde 19. september 1971, gravlagd på Voss, 25. september.

Jørgen Ditmar Parelliussen Langø, fødd 22. oktober 1898, døydde 1. oktober 1971, gravlagd 8. oktober.

Johannes J. Hop, fødd 2. oktober

1881, døydde 13. oktober 1971, gravlagd 20. oktober.

VAKSDAL:

Randi Løtveit, fødd 13. september 1888, døydde 18. oktober 1971, gravlagd 23. oktober.

Dagmar Oline Jamne, fødd 20. juni 1896, døydde 30. oktober 1971, gravlagd 5. november.

EKSINGEDELEN:

Lars Jakobson Nesheim, fødd 15. juli 1879, døydde 24. oktober 1971, gravlagd på Nesheim, 30. oktober.

GUDSTENESTER

24. søndag e. treeining (21. november):

Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd. Nesheim kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til Santalmisjonen.

Eidsland kapell kl. 16.00: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Menighetsfakultetet.

1. søndag i advent (28. november):

Dale kyrkje: Sokneprest Skiftun. Nattverd. Stamnes kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd. Offer til Santalmisjonen.

2. søndag i advent (5. desember):

Vaksdal kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til Institutt for Kristen Oppseding. Eksingedalen kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Norsk Lærarakademi.

Dale Blomsterhandel

Blomster ved alle høve

Ring tlf. 2346 — Dalekvam

Eidsland Samvirkelag

EIDS LANDET

Filial: Lavik

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co
Tlf. 2193 — Dalekvam

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer
Frukt og grønnsaker

3. søndag i advent (12. desember):
Eidslandet kapell kl. 11.00: Julekonsert. Sokneprest Skiftun.

Dale kyrkje kl. 18.00: Julekonsert. Res. kap. Bjørsvik.

18. desember:

Stamnes kyrkje kl. 18.00: Julekonsert.

4. søndag i advent (19. desember):
Bergsdalen kapell: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Norsk Lærarakademi.

Nesheim kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til Det norske misjonsselskap.

Vaksdal kyrkje kl. 18.00: Julekonsert. Res. kap. Bjørsvik.

Julafta:

Vaksdal kyrkje kl. 16.00: Res. kap. Bjørsvik. Kollekt til søndagsskuklearbeidet.

Dale kyrkje kl. 15.00 og kl. 16.00: Sokneprest Skiftun. Kollekt til søndagsskuklearbeidet.

1. juledag:

Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til N.M.S.

Dale kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til Menighetsfakultetet.

2. juledag:

Stamnes kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Menighetsfakultetet.

Bergsdalen kapell: Sokneprest Skiftun. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Eksingedalen kyrkje kl. 16.00: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Norsk Lærarakademi.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, Tlf. 2421	Frå	Til
Måndag t.o.m.		
torsdag	8.30	15.00
Fredag	10.00	17.30

VAKSDAL, Tlf. 3605	Frå	Til
Tysdag	9.30	16.00
Torsdag	9.30	13.00
Fredag	9.30	17.30

STAMNES, Tlf. 3 a
Fredag frå kl. 12.00 til kl. 15.00.

Bruvik Sparebank

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA

RADIOSPECIALEN %

Tlf. 2240 DALKEVAM

R A D I O — T V

Reparasjonsverkstad

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER - SANGBØKER

EIDE & PETERSEN %

Tfn. 2258 DALEKVAM

Dale Handelsforening
Dalekvam

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM



Dale Servicestasjon
AGNAR VATLE
Tlf. 2189 - 2431 -
Dalekvam

Bensin - Dekk - Rekvisita

Stanghelle Handel

STANGHELLE

Vaksdal koop. Handelslag
V A K S D A L

Telefon ; Kontor og manufaktur 3712, snarkjøp 3710, kjøtavd. 3711
filial 3713

Kjøp i Dykkar eigen forretning